



Heile klassa har vore med på prosjektet

Litt videodramatikk ved Spar ein dag denne veka. Ein unggut spring ut av butikken med øl i sekken men operasjonen vert ikkje vellukka! Heller ikkje er den sann, men sett i scene av sjuandeklassingar som no nærmar seg mål med prosjektet Unge og rus. Tysdag kveld vil foreldra få se det endelege resultatet som det er all grunn til å rosa dei unge for. Ieia av regissør Hanna har dei laga 6 videosnuttar med sterk budskap og ei av gruppene har også dikta ein song der ein mellom anna kan høyra denne strofa:

**Et steg om gangen bror  
så du ikke faller ned  
du har bare et liv,  
ikke kast det bort**

Ei anna strofe lyder slik.

**Livet er no shit aha  
når rusen tar kontroll  
livet er så sweet aha  
når du lever uten rus**

Det er tredje gongen eit slikt prosjekt vert gjennomført ved skulen i Uskedalen. Det omfattar heile sjuandeklassa som har 16 elevar dette året og dei har all grunn til å vera nøgd med resultatet. Det er ingen tvil om at det har gått heim og så spør det om det vert etterlevd når dei unge skal ut og møta det verkelege livet..

Elevane hadde fått med seg mykje fornuftig stoff, til dømes kor viktig det er å ikkje debutera for tidleg med alkohol. Alle som ein streka under at dette er eitt viktig tema og at mange kan hjelpast gjennom samhold.

Klassa har utan tvil jobba bra denne veka, der halvparten har vore teori og innhenting av bakgrunnsstoff og den andre halvparten formidling av budskapet.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Dramafikk ved Spar, men det var ikkje ålvor